



Kommunane i Vestland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Håvard Rød, 5557 2143

## STATSBUDSJETTET 2022 - KOMMUNEOPPLEGGET

Solberg-regjeringa presenterer framlegg til statsbudsjett for 2022. Statsforvaltaren vil her gi eit samandrag som kan vere nyttig for kommunane i samband med budsjettarbeidet i haust. Den nye regjeringa sitt framlegg til endringar i Solberg-regjeringa sitt budsjettframlegg skal bli lagt fram seinast 10. november.

**Det er ein pårekna vekst frå 2021 til 2022 i frie inntekter for kommunane samla i Vestland på 1,4 prosent. Pårekna vekst frå 2021 til 2022 for kommunane i landet samla er 1,5 prosent.**  
18 kommunar i Vestland ligg likt eller over landsgjennomsnittet, medan 25 kommunar ligg under.

I brevet betyr «kommunane» primærkommunane utan at fylkeskommunane er med, og «departementet» betyr Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD).

Vi tek i innleiinga med endringar i kommuneøkonomien for inneverande år.

### Det økonomiske opplegget for 2021

I revidert nasjonalbudsjett var det ein pårekna skatteauke for kommunane i år på 8,6 prosent.

Dei pårekna skatteinntektene er no justerte opp med om lag kr 5,0 mrd. samla for kommunane i landet frå nivået i revidert nasjonalbudsjett. Pårekna skatteauke for i år blir med det justert frå 8,6 prosent til 11,6 prosent, ut frå faktisk innkomen skatt i 2020.

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane var i revidert nasjonalbudsjett 2,7 prosent. Pårekna lønsvekst var også 2,7 prosent i revidert nasjonalbudsjett.

Den pårekna pris- og kostnadsveksten for i år er no justert opp til 3,3 prosent. Denne består av 2,8 prosent lønsvekst og 4,0 prosent vekst for varer og tenester. Kostnadsveksten skuldast i hovudsak auka byggjekostnader og auka straumprisar.



## **Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2022**

Det er rekna med ein nominell skattereduksjon for kommunane frå 2021 til 2022 med – 0,1 prosent. Pårekna skatteinntekter i 2022 byggjer blant anna på pårekna sysselsetjingsvekst (1,4 prosent), lønsvekst (3,0 prosent) og reduksjon i det kommunale skatteøyret.

Den store pårekna skatteveksten i år (kr 5,0 mrd.) samanlikna med nivået lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett bidreg til at veksten i dei frie inntektene frå 2021 til 2022 blir låg. For å halde skattedelen av dei samla inntektene på eit stabilt nivå, blir skatteøyret redusert frå 2021 til 2022.

Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir justert frå 12,15 prosent i 2021 til 10,95 prosent i 2022.

Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vere om lag 40 prosent også for 2022.

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane – kommunal deflator – er i framlegget 2,5 prosent. Deflatoren blir nytta til prisjustering av statlege rammetilskot og øyremerkte tilskot i statsbudsjettet. Kostnadsdeflatoren består av:

- |                     |     |         |
|---------------------|-----|---------|
| - Lønsvekst         | 3,2 | prosent |
| - Varer og tenester | 1,6 | prosent |
| - Samla prisvekst   | 2,5 | prosent |

### Samla vekst i frie inntekter

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for primærkommunane frå 2021 til 2022 på kr 1,6 mrd. Denne veksten er rekna frå inntektsnivået i år som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett.

Veksten i dei frie inntektene er realauke slik at priskompensasjonen frå 2021 til 2022 vil kome som eit tillegg i inntektene.

Veksten i frie inntekter må blant anna dekke auka kostnader som følgje av befolkningsutviklinga. Pårekna meirkostnader i 2022 knytt til den demografiske utviklinga er knapt kr 0,6 mrd. for primærkommunane. Dette er den delen av meirkostnadene som følgje av befolkningsutviklinga som må bli finansiert av dei frie inntektene.

Veksten i dei frie inntektene må også finansiere vekst i pensjonskostnadene. Det er rekna med ein vekst i kommunenesektoren sine samla pensjonskostnader på om lag kr 400 mill. i 2022, ut over pårekna lønsvekst. Det er stor uvisse knytt til overslaget. Det kan bli fordelt med om lag 90 prosent på primærkommunane og 10 prosent på fylkeskommunane.

Av veksten i dei frie inntektene for primærkommunane er det lagt til grunn at kr 100 mill. skal leggje til rette for fleire barnehagelærarar i grunnbemanninga.

Av veksten er kr 75 mill. grunngitt med tiltak for barn og unge sin psykiske helse. Tiltak vil bli retta mot lågterskeltilbod i kommunane.



### Frie inntekter – skatt og rammeoverføring – på kvar kommune

Vedlagt tabell syner rammeoverføring og pårekna frie inntekter for 2022. Pårekna skatt og inntektsutjamning i tabellen byggjer på kommunane sin faktiske skatteinngang i 2020. Dette grunnlaget er justert opp i samsvar med pårekna samla skattevekst i 2021 og 2022.

I berekning av skatteprognose for 2022 er det justert for same endring i prosent i høve til rekneskap 2020 for alle kommunane, uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune etter 2020. Denne skatteprognosene er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning. Kommunane må justere for lokale tilhøve i budsjetteringa av skatt for 2022.

Veksten i frie inntekter vil variere mellom kommunane. Årsaker er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt frå år til år :

- endringar i inntektssystemet
- endringar i folketalet og alderssamansetjing
- endring i andre kriteriedata
- endring i fordelinga av skjønstilskot
- endring i veksttilskot (ingen kommunar i Vestland får veksttilskot korkje i 2021 eller 2022)
- endring i distriktstilskot eller småkommunetillegg
- endringar i skattegrunnlaget

Priskompensasjon frå 2021 til 2022 er innarbeidd i oversynet over dei frie inntektene i vedlagt tabell.

Det er rekna med ein nominell vekst i kommunane sine samla frie inntekter på landsbasis frå 2021 til 2022 med 1,5 prosent. Denne veksten er rekna i høve til pårekna inntektsnivå i år (rekneskap 2021), medrekna oppjusteringa av skatteinntektene. Den pårekna veksten for kommunane samla i Vestland er 1,4 prosent.

Auka rammeoverføring blir gitt for nye oppgåver og omfattar også heilårsverknader i denne samanhengen. Utrekna prosentvekst for dei frie inntektene er korrigert for dette i vedlagt tabell, slik at kompensasjon i denne samanheng ikkje inngår i prosentveksten. I utrekning av prosentvekst er det også korrigert for innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet.

### **Aktuelle saker**

#### Barnevernreforma

Barnevernreforma trer i kraft 1. januar 2022. Kommunane vil som ein del av reforma få auka finansieringsansvar for ordinære fosterheimar og skal betale auka eigendelar for tiltak gitt av Bufetat. Kommunane vil få eit meir heilskapleg ansvar for oppfølging av fosterheimar. Kommunane skal bli kompenserte for auka ansvar gjennom auke i dei frie inntektene.

Departementet legg opp til å overføre om lag kr 1,31 mrd. til kommunane i 2022 som kompensasjon gjennom auke i rammetilskotet. Kompensasjonen over rammetilskotet vil over tid bli fordelt etter kostnadsnøkkelen for barnevern og vil kunne avvike noko frå dei noverande faktiske utgiftene for den einskilde kommunen. For å dempe overgangen for kommunar som har høge utgifter, vil halvparten av kompensasjonen bli fordelt særskilt i 2022 og 2023 basert på faktisk bruk av tiltak i rekneskapsåret 2020.

Denne særskilde fordelinga går fram av tabell C-k i «Grønt hefte», kolonne 8 med kr 655,0 mill. Den andre halvdelen, kr 655,0 mill., vil bli fordelt etter delkostnadsnøkkelen for barnevern.



### *Innlemming av øyremerket tilskot barnevern*

For 2021 er det løyvd kr 820 mill., øyremerket på kapittel 854, post 60, til kommunalt barnevern. Det er lagt opp til at øyremerkte midlar til stillingar i det kommunale barnevernet blir innlemma i rammetilskotet frå det same året som barnevernreforma trer i kraft. Det er difor framlegg om å innlemma midlane i rammetilskotet til kommunane for 2022. Kr 841 mill. (2022 – kroner) blir difor fordelt gjennom rammetilskotet for 2022. Fordelinga skjer etter delkostnadsnøkkelen for barnevern.

Endringar i fordelinga til den einskilde kommune av innlemminga i rammetilskotet vil inngå i grunnlaget for overgangsordninga INGAR. Vi viser til eige punkt om overgangsordninga INGAR under.

### Helsestasjon og skulehelseteneste

Den delen av rammetilskotet som er grunngitt med satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta blir vidareført frå 2021 til 2022, med priskompensasjon 2,5 prosent. For 2022 er rammetilskotet knytt til føremålet kr 952,2 mill. Midlane blir fordele mellom kommunane på grunnlag av talet på innbyggjarar i alderen 0–19 år, med eit minstenivå på kr 100.000,- per kommune.

### Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerkte tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2022 vil vere basert på direkte lønsutgifter i 2021 knytte til tenestemottakarar.

Det er lagt opp til følgjande for 2022:

- Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslagsnivået.
- Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka per tenestemottakar frå kr 1,430 mill. til kr 1,520 mill. for netto utgifter i 2021. Det inneber ein auke på kr 50.000,- utover justering for pårekna lønsvekst i 2021 ( 2,8 prosent).
- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2022 skal kommunane , inntektsføre i sine rekneskap for 2021. Kommunane skal inntektsføre den pårekna kompensasjonen i rekneskapen for det same året som utgiftene har vore.
- Tilskot for personar med psykisk utviklingshemming (16 år og eldre) i rammetilskotet blir trekt frå nettoutgiftene i beregningsgrunnlaget. Eventuelle statlege øyremerkte tilskot blir også trekt frå beregningsgrunnlaget.

### *Ressurskrevjande tenester - tilleggskompensasjon*

Det vart løyvd kr 55 mill. for 2021, som skjønsmidlar frå departementet, til små kommunar med særleg høge utgifter knytte til ressurskrevjande tenester per innbyggjar. Den øvre grensa for å få tilleggskompensasjon er 3200 innbyggjarar. I 2021 er det gitt slik kompensasjon til kommunane Masfjorden, Gulen, Vik og Fjaler i Vestland.

Det er for 2022 framlegg om i staden å leggje til grunn ei øyremerket fordeling som tek utgangspunkt i det ordinære øyremerkte toppfinansieringstilskotet. For å få denne tilleggskompensasjonen, må kommunane ha mindre enn 3200 innbyggjarar og ha hatt gjennomsnittlege skatteinntekter dei siste tre åra lågare enn 120 prosent av landsgjennomsnittet.



Det er framlegg om ei samla ramme på kr 55 mill. som tilleggskompensasjon for 2022. Kommunane vil bli kompenserte med 80 prosent av netto utgiftene over ein terskelverdi per innbyggjar. Terskelverdien i 2022 er førebels pårekna til kr 6200,- per innbyggjar. Verdien vil bli fastsett endeleg ved utbetalinga i juni 2022, tilpassa den totale ramma for ordninga.

#### Heildøgns omsorgsplassar

Det er framlegg om statleg investeringstilskot som vil leggje til rette for 500 heildøgns omsorgsplassar. I dette talet inngår både nye bygg og rehabilitering.

#### Andre saker som har innverknad på rammetilskotet:

##### *Statleg finansiering av omsorgstenestene*

Forsøket med statleg finansiering av omsorgstenestene blir avvikla frå 1. januar 2022.

##### *Differensiert arbeidsgjevaravgift*

Frå 1. januar 2022 blir det innført nytt verkeområde for differensiert arbeidsgjevaravgift, med endring i sone for 11 kommunar i landet. Kvar einskild kommune som får endra avgiftssats i 2022 får full kompensasjon eller trekk i rammetilskotet i 2022. Kompensasjon eller trekkt blir deretter trappa ned over seks år.

Framlegget i statsbudsjettet legg til grunn endeleg godkjenning av ESA.

##### *Tilskot til pensjon i private barnehagar*

Det er framlegg om reduksjon av tilskotet til pensjon i private barnehagar frå 13 prosent til 11 prosent frå 1. januar 2022. Kommunane får med dette lågare utgifter til private barnehagar. Rammetilskotet blir difor redusert med kr 206,9 mill.

##### *Ekstra time naturfag*

Det blir innført ein ekstra time naturfag i grunnskulen frå skuleåret 2022/23. Det blir gitt kompensasjon gjennom rammetilskotet, kr 99,8 mill. Fordelinga skjer etter delkostnadsnøkkelen for grunnskule.

##### *Helsenett*

Det er framlegg om ein plikt for kommunane til å betale for kostnadene til forvaltning og drift av helsenettet. Rammetilskotet blir auka med kr 322,2 mill. som kompensasjon.

## **Inntektssystemet i 2022**

#### Inntektsutjamning

Inntektsutjamninga er 60 prosent av skilnaden mellom kommunane sitt skattenivå og gjennomsnittleg skattenivå for landet. Tilleggskompensasjonen – for kommunar med lågt skattenivå – er 35 prosent av det skattenivået er under 90 prosent av landsgjennomsnittet. Kompensasjonsgraden blir vidareført som i noverande inntektssystem.

#### Overgangsordninga INGAR

Overgangsordninga med inntektsgarantitilskot (INGAR) gir kompensasjon for ei utvikling i rammetilskotet med meir negativt avvik enn eit fastsett beløp per innbyggjar (grenseverdien) frå landsgjennomsnittet, frå eitt år til det neste. Grenseverdien for kompensasjon er no kr 400,- per



innbyggjar. Det vil m.a.o. vere den delen av utviklinga i rammetilskot frå det eine året til det neste året som er meir enn kr 400,- per innbyggjar svakare enn landsgjennomsnittet, som blir kompensert.

INGAR tek ikkje omsyn til endring i skatt, inntektsutjamning, veksttilskot og skjønstilskot. INGAR tek omsyn til endringar i inntektssystemet, innlemming av øyremerkte tilskot i rammeoverføring, oppgåveendringar, endringar i kriteriegrunnlaget (t.d. talet på eldre og personar med psykisk utviklingshemming), bortfall av småkommunetillegg og nedgang eller bortfall av distriktstilskot.

#### Teljetidspunkt

For 2022 gjeld folketal per 1. juli 2021 for innbyggjartilskotet (medrekna overgangsordninga INGAR) og kriteria for aldersgrupper i utgiftsutjamninga. Andre kriteriedata i utgiftsutjamninga blir frå 1. januar 2021. Oppdatering av folketal i inntektsutjamninga blir vidareført med teljedato 1. januar i sjølv budsjettåret (2022).

#### Veksttilskot

Veksttilskotet blir gitt til kommunar som har hatt ein årleg befolkningsvekst dei siste tre åra høgare enn ei vekstgrense i prosent (gjennomsnitt per år). I 2022 blir vekstgrensa ført vidare med 1,4 prosent.

Veksttilskotet blir gitt med eit fastsett beløp per innbyggjar utover vekstgrensa. Beløpet blir prisjustert i 2022 til kr 62.252,-. Dette er det same beløpet som for 2021.

#### Distriktstilskot Sør-Noreg utanom småkommunetillegg

Distriktstilskotet skal ivareta kommunar i Sør-Noreg med svak samfunnsutvikling. Det blir gitt til kommunar som har ein distriktsindeks på 46 eller lågare.

Skattenivået må ha vore under 120 prosent av landsgjennomsnittet i gjennomsnitt for dei siste tre åra, for at kommunen skal få tilskot.

Den eine delen av tilskotet blir gitt med ein sats per kommune, og den andre delen av tilskotet blir gitt med ein sats per innbyggjar. Begge delane av tilskotet blir gradert på grunnlag av distriktsindeksen slik at lågare indeks gir større tilskot.

#### Småkommunetillegg

Småkommunetillegget blir gitt til kommunar med under 3200 innbyggjarar. Tilskotet er frå og med 2017 gradert på grunnlag av distriktsindeks. Jo høgare distriktsindeks, jo større trekk i høve til fullt tilskot (opp til 50 prosent). Dei kommunane som har lågast indeks får ikkje noko trekk i høve til fullt tilskot.

Skattenivået må ha vore under 120 prosent av landsgjennomsnittet i gjennomsnitt for dei siste tre åra, for at kommunen skal få tilskot.

#### Utgiftsbehov

Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet skal kommunane få full kompensasjon for skilnader i kostnader som dei ikkje sjølv kan påverka. Grunnlaget for omfordelinga i utgiftsutjamninga er utgiftsbehovet per innbyggjar for landsgjennomsnittet og for den enkilde kommunen.

Normalt ville utgangspunktet for berekning av utgiftsutjamninga for 2022 ha vore rekneskapstal for 2020, som siste års rekneskap. År 2020 var ekstraordinært som følgje av koronapandemien med



ekstra statlege overføringer og endra aktivitet. I staden for å bruke rekneskap 2020, vil det difor bli teke utgangspunkt i rekneskapen for 2019 i berekninga av utgiftsutjamninga for 2022.

### **Skjønstilskot**

Basisramma for skjønstilskot til kommunane for heile landet er uendra frå 2021 til 2022, det vil seie kr 850 mill. Vestland si ramme er også uendra frå 2021 til 2022, kr 145,0 mill.

Ein del av skjønsramma for 2022 vil først bli fordelt mellom kommunane i budsjettåret 2022. Statsforvaltaren i Vestland har gjort ei overordna fordeling av skjønsmidlane mellom ordinært skjøn i statsbudsjettet (kr 115,0 mill.), fornyings- og innovasjonsprosjekt (kr 15,0 mill.) og til fordeling i budsjettåret (kr 15,0 mill.).

Fordelinga av ordinært skjønstilskot for 2022 er vist i eigen kolonne i vedlagt tabell. Vi viser til vår nettside der det blir lagt ut meir informasjon om fordelinga av skjønstilskot mellom kommunane.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

### Vedlegg

Dersom det er spørsmål til innhaldet i brevet, kan kommunane ta kontakt med Håvard Rød (55572143), Marit Lunde (57643005) eller Kåre Træen (57643004) hjå Statsforvaltaren.

*Dokumentet er elektronisk godkjent*